

Montessoriposten - Skuleåret så langt

Vi fekk ein litt uvanleg start dette skuleåret på grunn av Korona pandemien og smitteverns reglane. Terskelen for å måtte halde seg heime er låg og vi har til tider hatt både lite elevar og personale til stades. Vi håpar alle at dette vil betre seg og at vi snart kan ta fatt på ein ny skulekvardag 😊

Skulen har i dag totalt 56 elevar. Blant dei er det 2 nye førsteklasingar. 7 trinn er slått saman med ungdomstrinnet, og no i haust flytta dei ut frå Solglyttkjellaren til 2. etasje. Her vil dei nyte godt av den friske lufta og det å ha fleire rom å omrømme seg på.



Den 30. august var det Maria Montessori sin 150 års dag. Heile skulen, samt dei 8000 andre Montessoriskulane rundt om i verda, feira den store dagen. Materiellet og pedagogikken ho utvikla for over 100 år sidan er framleis like aktuell og vi vil fortsette undervisinga i hennar ånd.

Montessoripedagogikken byggjer på eit syn der barnet er i sentrum og der ein hjelper barnet til å hjelpe seg sjølv. Eit syn der sosial, emosjonell, fysisk og intellektuell utvikling er like viktige. Eit av montessoripedagogikkens viktigaste mål er å gje barna ei forståing av korleis alt i verda heng saman. Difor seier vi at montessoripedagogikken har eit holistisk perspektiv. For å forstå verda, må ein sjå samanhengar og heilheiter. Vårt ansvar for å ta vare på den kloden vi lever på, forstå han og respektere han er sentralt i montessoripedagogikken.

Vi fortsett med tverrfagleg undervising i klasserommet og i naturen, og har også denne hausten tatt føre oss dei 5 store forteljningane for å skape engasjement og lyst til å fordjupe seg i dei ulike faga. Historiene skal skape engasjement og takksemnd til skaparverket og korleis alt heng saman, samt korleis vi alle er gjensidig avhengige av kvarandre. Historiene opnar dei ulike fagområda og knyt dei saman.

Installasjon av ventilasjonsanlegg er no straks i boks og både små og store gleder seg til å få optimal luftkvalitet i klasseromma. No vert det slutt på opne vindauger for å få frisk luft 😊 Varmeanelaget er også oppgradert og gir oss betre styring og kontroll, samt at vi vil få lågare el-utgifter gjennom varmegjenvinning og betre isolasjon. Anlegget er installert etter såkalla steng-ned-prinsippet der ein prøver å isolere/avgrense brannen i den cella den oppstod og gir endå betre branntryggleik på skulen.

Vi ønsker alle ved skulen ein super haustferie og ser fram til å møte dykk alle igjen i veke 42 😊


Barnetrinnet 1 . - 3.

For å finne seg i verda jobbar elevane med å studere jordkloden med dei 7 verdsdelane og 5 verdshava. Dei lærer at det finst mange land og forskjellige folk, høge fjell og djupe innsjøar. Til slutt finn dei Noreg og «seg sjølv» i Verda.



Ordklasser; Barna sin hjerne etter 6 års-alderen har kapasitet til å lagre store mengder kunnskap, men dei treng system i det enorme lageret sitt. Her jobbar elevane med ordklasser og symbol. Det hjelper barna å forstå korleis ein kan lage fine og riktige setningar.

Matte: «Frå det konkrete til det abstrakte». Matte-materiell brukar elevane for å sjå tal fysisk. Dei tel og dei reknar med perlestavar fram til dei forstår korleis tala fungera. Dei sjekkar seg sjølv ved å telle perler, rettar seg sjølv og får oppleve læring og meistring. Konstruktive trekantar hjelper barna å sjå samanheng mellom geometriske figurar og at dei er rundt oss over alt i bygningar, reiskap, klede og til og med i mat.



Mellomtrinnet 4. - 6.



$2 + ? = 5$ Kva verdi har «?»... Jau, dette er kjempe enkelt, det er 3! Kva med $34,56 + ? = 65,79$

Det kan vere utfordrande for nokon å sjå samanheng og logikk i slike oppgåver. Derfor innfører vi algebraiske formlar allereie på mellomtrinnet. Ved hjelp av materiellet fekk elevane arbeide med enkle reknestykke først for å forstå korleis formelen fungera.

Dei har skjont at det er enkelt å bruke formlane for å finne den ukjende, og vidare oppdage eit mønster.

«Free the child's potential and you will transform him into the world.» (Maria Montessori)

Konsentrasjon, kreativitet, geografi - her er det rom for å bruke dei orda i same setning! Og ikkje minst er det utruleg kjekt.

Geografi = Gøy på Hildre Montessoriskule.

«Ein livleg nysgjerrigheit held oss alltid mentalt og fysisk aktive.» (Montessori læreplan, 2020, s.9)


Elevane fordjupar seg i tema som dei viser interesse for. Kvifor ikkje! Slike typar arbeid vil gje eleven moglegheit til å utforske og fullføre sitt behov for kunnskap. Dei delar den kunnskapen med medelevane. Det er inspirerande og smittsamt!

Varierte arbeidsformer for 7.-9. trinn

På Hildre Montessoriskule går elevane frå 7. til 9. trinn saman i ei gruppe. Dette skapar rom for eit variert læringsmiljø på skulen. I kunst og handverk har dei fått utvikle sin digitale kompetanse saman med kreativiteten sin i eit prosjekt der dei skulle gjenskape eit portrett frå kunsthistoria. Under ser vi ein av elevane sitt bidrag.



I RLE har vennskap og klasse miljø vore tema. Her har elevane snakka om kva som er viktig for dei i eit vennskap, klasse miljø, og vi har sett film om kjensler og knytt det inn mot tema. Dette har dei dratt med seg inn i kunst og handverk, der elevane i par skal lage vennskapsfjøl. I arbeidet får dei samarbeide om måling i ulike nyansar, val av ord som passar til fjøla, som vert teke på ved bruk av serviettar og decoupage.



Øvst til venstre syner ein elev arbeidet sitt. Til høgre ser vi modellen elevane bruker til vennskapsfjøl. Nedst til høgre ser vi to elevar som arbeider med si vennskapsfjøl. Nedst til venstre ser vi at elevane lagar sitt eige mobilhotell.